

Eventyret om glaskunstlys i kyrkjetårnet...

Av Stein Ødegård

Det var ein gong eit eventyr. Og nå er det heilt sant!
Me vil takka dei som har fått det til. Og dei som får navnet sitt nevnt, kjem fram og står her etter kvart, dei som er her. Så me ser dei.

Alle i kyrkja skal sei refrenget på eventyret. I kor. Når eg rettar ut armen til venstre sida av kyrkjeromet, seier de: «Har du sagt A...». Og då fortset høgre sida: ...så får du sei B!» For i Bryne fullfører me det me begynnar på...

Øving. Klar!

Det var ein gong ein draum. Nokre fekk ein lys idè i Brynekyrkja: Om å stengja motlys ute, om å sleppa fargane sitt lys inn, om å senda fargelyset ut slik det aldri er gjort med glaskunst før. Lys inne og lys ute. Kunst til kyrkja og byen. Kyrkjeutvikling og byutvikling. Ikkje to ting, men ein ting. REFRENG!

Det høyrrest ut som eit eventyr, og det vart det. For 6 år sidan vart ideen lansert. For 4 år sidan var det glaskunsthøst for glasmaleriet.

REFRENG!

Og glasmaleriet sto og venta på romet som skulle ta i mot det. Og for 2 år sidan var det fest for lyst, nytt kyrkjerom. REFRENG!

Og i dag er det fest for kunsten i kyrkjetårnet. Snipp, snapp, snute, så er eventyret både inne og ute. Kyrkjeromet har teke imot Per Odd Aarrestad sitt fantastiske kunstverk. Nå skal byen få gjera det.

REFRENG!

For 2 år sidan stod kyrkjetårnet kolsvart om kveldane og stengde for fargane som lyste frå kyrkjeromet til byen og skulpturparken. Og barnehagen lurte på om tårnfasaden snart rotna ned og om dei måtte evakuera lenge før det vart ny barnehage. Og kunstnar Per Odd Aarrestad sette alle prosjekt på vent, for å sjå om det gjekk an å få fullført glaskunsten i tårnet. REFRENG!

Og då var det at politikarane i Time kommunestyre slo til. Når rådmann Brit Nilsson Edland og eiendomssjef Sveinung Riska hadde svidd av millionar på rehabilitering av kyrkja, og glaskunsten lyste både inne og ute, så bare måtte dei folkevalde få fasaden og smykket i kyrkjetårnet med i prosjektet. REFRENG! Så nå står han her og smiler snart, varaordførar Sverre Risa. På 2 budsjettår bevilga kommunen 1 og ein kvart million til tårnkunsten. Hurra! REFRENG!

Og kyrkjeverge Olav Vegard Søyland skein som ei sol og tenkte at dette er verdt all verdens papirarbeid, avtalar, møter, purringar, tidsfristar og atter nye møter og skrivearbeid. Slikt som må og skal gjerast. For vil du ha det eine så får du gjera det andre. REFRENG!

Og Time sparebank sitt gavfond då... Dei med 1,1 million i jubileumsgave i 2010, då Staale Grude Haaland og Petter Stabel og presten hadde vore på besøk. Kva ville banken sei når økonomikomiteen orienterte om planane 4 år seinare og lurte på om fondet hadde meir. «Kor mykje treng de,» spurde banksjef Arne Gravdal. «Kanskje så mykje som halvparten av resten?» sa presten. Og fekk det alt i hop, 650.000! «Me får skunda oss før banken i Time vert banken på Jæren,» sa banksjefen og gavfondstyret på sitt siste møte. «Eit under!» Tenkte presten. Kven kunne tru at banken var så raus og gjekk for det me gjer både i Time og på Jæren: REFRENG!

Og nå var det vatn på mølla. Banksjefen visste om andre banksjefar og stiftelsar og klokkar Leif Andenes hadde kontakt med advokatar og legat. Prosjektet ga gjenlyd. Kunst i ein størrelse som ingen andre planlegg. Glaskunstlys som både går inn og ut. Unikt, tenkte dei i Bergen og Stavanger. 200.000 frå Vestenfjelske bykreditts stiftelse og 100.000 frå fylkesmann John Norem og frues legat. Seier dei A på Bryne, får me sei B. For REFRENG!

Så døydde Kjell Nupen så brått og trist. Korleis går det med verkstaden, med kunstglaset som er kjøpt inn? Glasmeister Ole Richard Lauritsen, den beste i Norge, strekte seg langt, kjøpte ut utstyret og ville så gjerne fullføra i Brynekyrkja. For: REFRENG!

Og økonomikomiteen gjekk på bedriftsbesøk. Kjell Ragnar Thu og Ruth Stabel Berg og presten. Mange ga så det monna. Dei ville vera med og få til, det andre har starta på. For: REFRENG! Me takkar dei idag. Simex og Petter Stabel. Bryne glass og Einar Knutsen. Norengros og Kjell Kjosavik. Inverto og Rune Underhaug. Kverneland bil og Arve Edland. Felleskjøpet og Erlend Stangeland. Jæren hotell og Jærsol. Jærbladet og Rotary Bryne. Netprint og Finn Underhaug. Og mange andre gjevarar. Ikkje minst Time elektro og Terje Ree. For dei har søruga for lys og ordna opp gong etter gong etter Phillips som leverte for seint utstyr som ikkje eingong virka. Takk, Terje! Er det nokon her som har levd opp til refrenget, så er det du og folka dine. REFRENG!

Kva trur de Inge Brigte Aarbakke sa då han fekk besøk? «Det er på tide at eg gjev til kyrkja! Gje gass, så tek eg resten,» fortalde han presten! Og det held han på med, sjølv om tidene vart tunge. For: REFRENG!

I september kom glaset. 75 kvm med kunstverk i tårnet og 6 kvm nærast altarveggen i kyrkja. Det var eit syn då ivrige og sterke hender monterte, godt passa på av montør Egil Idsø. Folk har fått vandra trappegangane i tårnet midt i ein fargeksplosjon når sola står på. Eller faktisk gle seg over fargane som speglar seg i Kongo på slike lyse dagar. Nå lyser kyrkja av kunst som fortel om Guds veg til oss og tårnet med kunst som fortel om vår veg i kvardagen. Når den gode ideen vil fram og opp og følgjer trappeomgangen sine omveger og samarbeidar på tvers for å koma i mål. Omtrent som det er med dette prosjektet: Eit fullført kunstprosjekt som kunstnar og by kan vera stolt av. For i Bryne fullfører me det me har begynt på! REFRENG!

Og Bryne sokneråd tenkte at dette måtte bety å fullføra kunsten på den kvite altarveggen. Også der har Per Odd Aarrestad gitt eit kunstverk som forsterkar møte med det hellige for dei som trør inn i

kyrkja og går mot altaret. Og slik kom det også på plass i haust, med eigen innsamling. For REFRENG!

Å fullføra betyr å feira. Kulturkomiteen som har gitt byen og kyrkja 3 flotte glaskunsthøstfestar kjem fram. Me takkar dei for vel utført arbeid: Marit Rommetveit Staveland, Åse Skrudland, Heidi Strand Harboe, Christian Stabel, Kjell Ragnar Thu og Per Olav Egeland, som saman med John Josefsen har gitt signaturmusikk til alle festane, munnspele og orgel, blues med lydar frå Jærstranda. Dei kom i dag også, for: REFRENG!

Kunstnaren har brukt 4-5 år på å tenkja og utforma kunsten til kyrkja og byen. Då kan me godt bruka eit heilt liv på å gle oss, oppleve og tolka. Han har sagt A, nå får me sei B. For: REFRENG!

Og nå skal øyeblikk lyset på der ute mot byen. Gje alle desse gode folka ein fantastisk applaus og takk dykk sjølv! For det nye lyset mot byen er vårt!